

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 16.01.2017  
**SAKSHANDSAMAR:** Hanne Løvereide Årstad  
**SAKA GJELD:** **Sal av Fitjar Bu og Behandlingsheim**

**ARKIVSAK:** 2017/67  
**STYRESAK:** **011/17**

**STYREMØTE:** **02.02. 2017**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret sluttar seg til sal av g.nr 67, b.nr 63 Havnevegen 4, Fitjar Bu og behandlingsheim i Fitjar kommune.
2. Styret føreset at eigedomen blir seld i tråd med avtale inngått mellom Helse Fonna HF og Fitjar kommune.
3. Det blir gjennomført føretaksmøte i Helse Fonna HF for endeleg godkjenning av sal av eigedomen.

## Oppsummering

Fitjar bu- og behandlingsheim blei bygd omkring 1990, og var ein kombinert somatisk/ psykiatrisk institusjon med 20 somatiske og 25 psykiatriske senger. Fitjar kommune har sidan 1996 hatt det heile og fulle driftsansvaret for behandlingsheimen og har ein leigeavtale med Helse Fonna HF.

I protokoll av 18.04.02 om overføring av formuesposisjonar til staten frå Hordaland fylkeskommune, framgår det at Staten v/Helse Fonna HF overtar Fitjar bu- og behandlingsheim. Alle leigeavtalar knytt til eigedomen blei vidareført. Styret i Helse Fonna HF behandla den 22.08.05 i sak 48/05 alternative løysingar for overdraging av Fitjar bu og behandlingsheim frå Helse Fonna HF til Fitjar kommune. I saka kjem det fram at Helse Fonna HF ikkje hadde nytte av å ha eigarskap til eigedomen. Dette som følgje av at det ikkje låg føre eit framtidig behov for verksemd på Fitjar. Stord DPS hadde tilstrekkeleg kapasitet til å dekke spesialisthelsetenesta sitt behov innan nedslagsfeltet.

Helse Fonna HF og Fitjar kommune formaliserte våren 2006 ein avtale der føretaket forplikta seg til å leiga ut Fitjar bu og behandlingsheim til kommunen. I avtalen kjem det fram at kommunen gjennom heile kontraktstida har opsjon på kjøp av eigedomen med påståande bygg. Fitjar kommune ønskjer no å overta eigedomen.

## Fakta

Styret i Helse Fonna gjorde i styremøte 13. januar 2017 følgjande vedtak i sak, Sal av Fitjar bu og behandlingsheim:

1. Styret i Helse Fonna HF tilrår sal av Fitjar bu og behandlingsheim til Fitjar kommune i tråd med vilkåra i gjeldande avtale.
2. Saka sendast til Helse Vest RHF for vidare handsaming.

Saksførelegg til styresak 6/17 i Helse Fonna HF ligg ved saka.

## Kommentarar

Etter helseføretakslova § 31 skal sal av fast eigedom avgjerast av føretaksmøtet i det einkilde helseføretaket, etter forslag frå styret. For sal av eigedomar med verdi mindre enn 10 millionar kroner er det ikkje naudsynt å leggja saka fram for departementet.

1987 blei det inngått ein avtale mellom Fitjar kommune og Hordaland fylkeskommune der det kom fram at fylkeskommunen skulle vere eigar av bygget og ansvarlig for all administrasjon. Kommunen skulle vere ansvarleg for inntak og utskriving av pasientar ved somatisk avdeling og sidan 1996 har dei hatt det heile og fulle driftsansvaret for behandlingsheimen.

Frå det tidspunkt eigedomen blei overført Helse Fonna HF i 2002, har det vore ein lang prosess for å få eigedomen overdratt til Fitjar kommune. Fitjar bu- og behandlingsheim var på overføringstidspunktet, 2002, taksert til kr 67 millionar, og hadde ei rest levetid på 48 år. Fitjar kommene har ikkje hatt moglegheit til å overta eigedomen.

Problemstillingane knytt til overdraging av eigedomen til Fitjar kommune var komplekse og av prinsipiell karakter. Saka vart av den grunn sendt til, og diskutert med, Helse Vest RHF og Helse- og omsorgs-departementet. I møte den 10.06.05, sak 34/05 godkjente styret i Helse Fonna HF eit forslag om å nedskrive bygget sin bokførte verdi til kr 6,3 mill. Bokført verdi pr 28.11.2016 er på kr 4 271 795,-.

Styret i Helse Fonna HF behandla den 22.08.05 i sak 48/05 alternative løysingar for overdraging av Fitjar bu og behandlingsheim frå Helse Fonna HF til Fitjar kommune. Helse Fonna HF og Fitjar kommune formaliserte våren 2006 ein avtale der føretaket forplikta seg til å leiga ut Fitjar bu og behandlingsheim til kommunen. Leigesummen vert sett til kr 211 000,- pr. år. I tillegg til leiga forplikta kommunen seg til å betala forsikringskostnadene for bygget.

I avtalen kjem det fram at kommunen gjennom heile kontraktstida har opsjon på kjøp av eigedomen med bygg til kr 6 300 000. Leiga, som er betalt i kontraktstida fram til overtaking, skal trekkjast frå på kjøpesummen.

I februar 2010 blei det inngått ein tilleggsavtale der kommunen fekk forlenga fristen for å utløysa opsjon på kjøp av bygget til 31.12.2017. Utløysingssummen var pr. 31.12.2010 redusert til kr 5.245.000,-. Dei påfølgjande åra skal utløysingssummen reduserast med halve leiga. Kjøpesum pr. 2017 er på kr 4 506 500,-

Fitjar kommune har i møte i Fitjar kommunestyre 21.12.16 gjort følgjande vedtak:  
*«Kommunestyret godkjenner oppstart av investeringa kjøp av FBB for kr 4.506.500 pluss avgift. Rådmannen får fullmakt til å melda at Fitjar kommune vil påberopa kjøpsopsjon i samsvar med avtalen før 31. desember 2017, og starta tinging om formell avtale med Helse Fonna. Formannskapet skal godkjenne den endelege avtalen.»*

## **Konklusjon**

Administrerande direktør sluttar seg til dei vurderingar som er gjort av Helse Fonna og tilrår at styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til sal av eigedomen. Ein legg til grunn at Fitjar bu og behandlingsheim blir seld til Fitjar kommune i tråd med vilkåra i gjeldande avtale.